

Statsminister Erna Solberg  
Samferdsleminister Knut Arild Hareide  
Leiar av Hordalandsbenken Ove Trellevik

Knarvik, 14. mai 2020

### **Vedr U-864 – Regionrådet i Nordhordland ber om møte med statsminister, samferdsleminister og leiar av Hordalandsbenken**

Regionrådet i Nordhordland viser til den uavklarte saka med U-864 utanfor Fedje.

Regionrådet i Nordhordland har gjort vedtak om at heving av U-864 må utgreiast av representantar som sit på spisskompetanse frå det norske subseamiljøet, og at representantar frå Regionrådet saman med fylkesordførar i Vestland må be om møte statsminister Erna Solberg, samferdsleminister Knut Arild Hareide og leiar av Hordalandsbenken Ove Trellevik.

Målet for møtet er å få staten til å løyva dei midlane som må til for å få det norske fagmiljøet innan subseaoperasjonar til å vurdere alternativ til tildekking av U-864 ved Fedje. Dette fagmiljøet har gjennom arbeidet sitt på norsk kontinentalsokkel i meir enn 50 år, utvikla ein spisskompetanse på subseaoperasjonar som er heilt i verdsklasse. Fleire representantar frå dette fagmiljøet hevdar at U-864 med kvikksølvlasta kan hevast på ein trygg og forsvarleg måte innanfor ei akseptabel kostnadsramme.

Regionrådet meiner derfor at dette må greiast ut av ein allianse frå det operasjonelle fagmiljøet innan subseaoperasjonar. Alliansen må vera tverrfagleg og setjast saman slik oljenæringa gjer når kompliserte operasjonar skal gjennomførast på kontinentalsokkelen. Alliansen skal beskriva korleis ein hevingsoperasjon og reinsking av havbotn der U-864 ligg, kan gjennomførast og levera eit kostnadsoverslag over desse operasjonane. Alliansen skal også utarbeida ein komplett risikoanalyse av operasjonane.

Som ein konsekvens av vedtaket i Regionrådet var ein delegasjon frå Nordhordland bestående av ordførarar og fagfolk innan subsea 10. mars til Stavanger for å drøfta saka med deler av det norske fagmiljøet. Dette fagmiljøet er verdsleiande på undervassoperasjonar. 3. april fekk Regionrådet eit tilbod frå TIOS og deira partnarar om ein forstudie av korleis bransjen kan tenkja seg å fjerna kvikksølvet frå havbotnen, sjå vedlegg.

Forstudien skal også innehalda ein komplett risikoanalyse av prosjektet. Deltakarar i forstudien skal vera ein allianse samansett av komplementære kompetansemiljø og desse vil nytta regelverket frå olje- og gassutvinning på norsk kontinentalsokkel for å sikra kvaliteten i alle ledd i ein eventuell operasjon. Forstudien vil kosta mellom 2,8 og 3,3 millionar kroner og vil kunna danna grunnlaget for anbodspapira for ein eventuell hevingsoperasjon.

Frå informert hald vert det hevda at det er løyvd 10 millionar kroner på årets statsbudsjett til prosjekt knytt til U-864, så me ber ikkje om nye løyvingar, men at noko av dei løyvde midlane vert brukt til ein studie utført av det unike norske fagmiljøet.

Fylkestinget i Vestland gjorde 12. mai i samband med handsaming av NTP vedtak om at heving av vraket av ubåt U-864 ved Fedje er eit viktig prosjekt for kystsamfunnet og fylkestinget meiner det må ei eiga løyving til for dette tiltaket utan at det reduserer Kystverket sin kapasitet til å ivareta sine prioriterte oppgåver. I pressemelding frå Vestland fylkeskommune datert 13. mai skriv fylkesordførar Jon Askeland at vedtaket til fylkestinget er klar tale. «Det må no finnast ei trygg, permanent løysing på U-båt-saka».

Regionrådet meiner det no må gjerast alt ein kan for å finna ei fornuftig løysing på spørsmålet om heving av U-864. Fagmiljøet i Norge er verdsleiande på undervassoperasjonar, og har bygd seg opp enorm kompetanse over ei årrekkje. Det vil vera heilt feil at oljenasjonen Norge ikkje nyttar seg av dette miljøet.

U-864 må no etter alle år finna si endelege løysing. Regionrådet i Nordhordland saman med fylkesordførar i Vestland Jon Askeland ber derfor om eit snarleg møte med statsminister Erna Solberg, samferdselsminister Knut Arild Hareide og leiar av Hordalandsbenken Ove Trellevik der me kan få høve til presentera denne løysinga og drøfta den. Målet for møtet er at det vert sett av midlar til å få det norske fagmiljøet innan subseaoperasjonar til å vurdere alternativ til tildekking av U-864 ved Fedje.

Med venleg helsing



Karstein Totland  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

1. U-864 TIOS-tilbod for forstudie
2. Presentasjon 10. mars – U864 revisjon

Kopi: Regionrådet i Nordhordland  
Fylkesordførar Jon Askeland, Vestland fylkeskommune